

Rapport frå FoU-prosjektet *ARTig*

– *Eit eksemplarisk undervisningsopplegg*

Ved Charlotte Tvedte og Torunn Hetland



Eit fleirfagleg prosjekt i Grunnskulelærarutdanninga 1 – 7

med vekt på praktisk-estetiske læreprosessar

Høgskolen Stord/Haugesund

Mai 2015

Innhald

Innleiing	3
Kva har me gjort?	3
«Bildebok for barn».....	4
Bildeboka som introduksjon til prosjektet ARTig	4
ARTig-prosjektet.....	6
Om dei tre fagdagane.....	6
Om design av undervisningsopplegg.....	7
Ny planlegging av ARTig - omforming av designet.....	8
Evaluering.....	9
Tre didaktiske prinsipp	9
Evaluering av nytt design	9
Multimodalitet og elevtekstar.....	11
Dialogen.....	12
Improvisasjon	12
Studentane si evaluering	12
Det fleirfaglege perspektivet og dei grunnleggjande ferdighetene	13
Praktisk-estetiske læreprosessar.....	13
Eit eksemplarisk undervisningsopplegg	14
Oppsummering av tidsplan:	15
Tidlegare skriftlege rapportar:	15
Vedlegg.....	16

Innleiing

Prosjektet ARTig er eit praksisrelatert FoU-prosjekt. Bakgrunnen for søknaden var den nye praktisk-estetiske GLU 1-7-utdanninga og at faglærarane og fagmiljøet treng erfaringar med og kunnskap om kreative og praktiske læreprosessar. ARTig-prosjektet har også vore fagleg og ressursmessig kopla til IMTE-prosjektet ved høgskulen. Hausten 2013 blei ARTig gjennomført på Rommetveit skule med to 6. klassar og lærarane deira. Våren 2015 har ARTig blitt realisert innanfor grunnskulelærarutdanninga 1-7 med førsteårsstudentar. Me har konsevert oss om å prøva ut korleis fagdagar med fleirfagleg innhald kan gi studentane våre praktiske erfaringar med *design* av undervisningsopplegg, noko som igjen kan føra til teoretisk og didaktisk refleksjon hos studentane.



Kva har me gjort?

Hausten 2014 brukte me FoU-tida til å delta i IMTE-utprøvinga leia av Magne Espeland og Knut Steinar Engelsen. Deltakinga var i form av refleksjonsnotat i Fronterforum, med utgangspunkt i *Improvisatoriske praksisar med fokus på dialog, kommunikasjon og relasjon* og *Improvisatoriske praksisar med fokus på form og design av undervisningssekvensar* (refleksjonsnotatane blir ikkje ein del av denne rapporten).

Tidleg på hausten hadde me ein førespurnad til 6. klasselærar på Rommetveit om eit samarbeid om ARTig i vårmånadene (mars-mai). Det fekk me positiv tilbakemelding på. Då me tok kontakt for å starta planlegginga i november/desember hadde dei ombestemt seg på grunn av at skulen hadde andre tidkrevjande prosjekt i dette tidsrommet. Me bestemte oss då for å bruka dette året til å utvikla ARTig til eit eksemplarisk undervisningsopplegg, der studentane våre skulle veksla mellom elev- og lærarrolla og få erfaring med design av eit større undervisningsopplegg.

«Bildebok for barn»

I mars starta samarbeidet vårt med ei felles planlegging av temaet «bildebok for barn». Dette er eit felles kunnskapsområde i faga våre, men har tidlegare vore pensum i ulike semester. Nå vart dette temaet lagt samtidig i dei to faga, og me planla og gjennomførte undervisninga i lag. Dette gjorde at me fekk ein ny og breiare innfallsinkel til bildeboka. For studentane betydde dette at dei *alle*, også dei som ikkje har kunst og handverk som fag, fekk ei djupare forståing for illustrasjonane, bildeanalyse og samspelet mellom ord og bilde.



Kunst og handverk har ei oppgåve der studentane skaper si eiga bildebok. Dette har tidlegare først og fremst handla om å skapa ein «karakter» og illustrasjonen har vore det sentrale. No utvida me denne oppgåva slik at tekstskapninga fekk større plass, eller rettare; samspelet mellom tekst og bilde. Studentane fekk her både teoretisk kunnskap og praktisk erfaring med multimodale tekstar. Dette siste samarbeidet omfatta berre kunst- og handverksstudentane (50 % av studentgruppa).

Bildeboka som introduksjon til prosjektet ARTig

Som nemnd innleiingsvis, utvida me det fleirfaglege samarbeidet med å introdusere temaet «bildeboka for barn» i fellesskap. Me vil her gje ei kort evaluering av dette samarbeidet.

Samarbeidet om ein felles introduksjon gav oss faglærarane betre innsikt i prosessen som ligg bak både bilde og tekst. Dette meiner me har styrka undervisninga i temaet for studentane. Me opplevde at studentane tok i bruk mange fleire verkemiddel, både språklege og visuelle. Dei har også gitt uttrykk for at dei opplevde denne oppgåva som fleirfagleg og at dei tydlegare trekk inn kunnskap i frå begge fagområda.

I prosessen med bildeboka fekk kunst og handverksstudentane innføring i fleire ulike teikne- og maleteknikkar. Dei studerte grundig biletbøkene til mange sentrale barnebokforfattarar og illustratørar. Svein Nyhus og Gro Dahle sine barnebøker gjorde inntrykk på fleire, og dei let seg inspirera av deira modige måte å problematisera temaet følelsar på i barnebøker.



Temaet for bildeboka var følelsar og oppgåva gjekk ut på å laga *oppstarten av ei bildebok* som skulle innehalda eit omslag, ei tittelside og minst to oppslag. Under viser me resultatet til ein av studentane – oppstarten av bildeboka «Ella og tårefiskene»;



(Omslaget til boka)

Studentane jobba i denne oppgåva både analogt og digitalt med illustrasjonane og layout.

Erfaringane frå denne prosessen er at idear til karakterar, illustrasjonar og tekstar også kan skje i møtet med materialet og det uføresette. Då denne studenten leika seg med marmorering av papir, dukka det plutsleg opp nokre fiskeformer. Desse tok ho med seg vidare inn i historia om ei jente som har ei deprimert mor – som gret «tårefiskar».



(Bilda viser tittelsida og dei tre første oppslaga i oppstartingen av bildeboka.)


ARTig-prosjektet

Hovudfasen i samarbeidet kom i siste halvdel av april. Då arrangerte me tre heile fagdagar for GLU1 1-7-klassen, og desse dagane handla om fagboka for barn og ARTig-prosjektet. Første dagen var sett av til undersøking av artar i hagen og til å teikna og skriva naturfagleg tekst. Dei to neste dagane går studentane «frå fakta til fiksjon» og endar opp med å laga sin eigen fiktive art og presenterer denne i eit oppslag med tekst og bilde.

Om dei tre fagdagane

Me starta med ein introduksjon av ARTig-prosjektet slik det vart gjennomført på Rommetveit skule. Me la her vekt på å visa fram eit heilskapleg design av eit undervisningsopplegg.

Deretter presenterte me fagbokforfattaren Erna Osland og hennar essayistiske fagbøker for barn. Me avslutta med den nyaste fagboka hennar som heiter *Under ein Stein* og ville at denne boka skulle vera utgangspunktet for studentane sitt arbeid med artane i hagen på Rommetveit.



Deretter følgde studentane same fasane i opplegget som elevane: Fase 1 handla om å gå ut i hagen og utforska artar under ein stein, undersøkja dei i stereolupe og beskriva arten med ord og teikning ut frå eigne erfaringar. Studentane arbeidde saman to og to. Me hadde avtale med Per Fadnes (førsteamanuensis naturfag) at dei kunne komma inn til han og hans naturfagklasse for å studera arten i stereolupe og stilla naturfaglege spørsmål. I neste omgang opna me for at dei kunne bruka sekundær litteratur og finna meir informasjon. Då fekk studentane eit rammenotat til å sortera informasjonen i. Dei skulle så skriva ein fagtekst etter mønster frå Erna Osland sin essayistiske skrivemåte. Kvar student skulle laga ein naturfagleg tekst, eit oppslag med tekst og teikning av arten dei hadde utforska. Dialogen om kva dei observerte og korleis dette kan tolkast som eigenskapar ved arten er viktig her. Den går føre seg spontant mellom studentane og meir organisert mellom lærar og studentar i overgangen mellom dei ulike aktivitetane.

Fase 2 handla om fagboka for barn og læringsdialogen. Dette innslaget i opplegget var prega av at det både skulle dekka pensumet «fagbok for barn» i lærarutdanninga og koplast til ARTig. Det var førelesing om sjangeren, eksempel på bøker i fleire fagområde og studentane

arbeidde med analyse av ei utvald bok. Studentane arbeidde i grupper og presenterte ein analyse av bøkene for kvarandre i grupper. I denne fasen hadde studentane eit tydeleg lærarperspektiv, sjølvsgåt i tillegg til at dei var studentar som skulle tileigna seg ny kunnskap og gå opp til eksamen.

Fase 3 hadde også her tittelen «Frå fakta til fiksjon», og studentane fekk igjen elevrolla og skulle skapa sin eigen fiktive art som dei skulle presentera i tekst og bilde. Dei arbeidde her i dei same para som då dei var ute i hagen, men her skulle dei då ut frå same utgangspunkt skriva fram kvar sin nye art. Det var sett av ein heil dag til dette. Me starta med dialog om deira art, miljø og eigenskapar og utfordra dei til å sjå for seg at det no skjedde ei dramatisk endring; mutasjon, formering med andre artar, miljøforandring m.m. Kva nye eigenskapar oppstod? Korleis er arten tilpassa sitt (nye) miljø? Deretter var det stasjonsarbeid i to grupper; ei gruppe på skrivestasjon og ei gruppe på teiknestasjon. På stasjonane samtalte me om kjenneteikn på ein god tekst/teikning og formulerte kriterium. Deretter var det tid til å skriva og teikna og få rettleiing i prosessen. Siste del av dagen var sett av til korrekturlesing og redigering av tekstane, før dei blei sett saman til ei bok: *Nye artar du skulle ønskje ikkje fanst på Rommetveit.*



(Omslaget til boka)

Om design av undervisningsopplegg

Vår gjennomføring av ARTig saman med lærarstudentane har som nemnd tidlegare også vore eit design av eit undervisningsopplegg, og det har vore ei gjentaking, men og ei omforming av det første ARTig-designet. Me erfarte at element i det første opplegget ikkje fungerte så bra, og me har difor ved planlegginga av dette opplegget gjort ting noko annleis. Me vil drøfta nokre av desse endringane herunder. Eit anna poeng er at designet av ARTig i lærarutdanninga sjølvsgåt vil ha andre læringsmål enn eit ARTig-prosjekt for 6. klassingar. Lærarstudentane sine erfaringar med ARTig vil difor kunna seia noko om både elevperspektivet og lærarperspektivet, og me tenkjer at denne utprøvinga difor vil gi ein god korrektur av vår eiga oppfatning av prosjektet. Me har difor gjennomført ei skriftleg

evaluering av innhaldet i fagdagane, og studentane sine svar vil vera det sentrale i vår evaluering.

Ny planlegging av ARTig - omforming av designet

Me oppdaga ved utprøvinga på Rommetveit skule kvalitetane ved fagbøkene til forfattaren Erna Osland. Hennar essayistiske skrivemåte og samarbeidet hennar med gode biletkunstnarar gir bøkene hennar kvalitet. Det er også eit poeng at ho er nynorskforfattar og kan vera ein flott rollemodell for god fagtekstskriving på nynorsk for elevar og studentar. Difor valde me nå å konsentrera opplegget vårt om tre av hennar bøker; *Skarpe tenner*, *Dyrebare venner* og *Under ein Stein*.



Den siste av desse var utgitt i 2014 og blei også ein inspirasjon for ei tematisk vinkling av prosjektet. Då elevane var i Seminarhagen på Rommetveit og fann artar, så var det insekt og krypdyr som utgjorde storparten av artane dei fann. Me fann det då lurt å la nettopp desse artane «under steinen» vera fokuset til våre studentar då dei var i elevrolla og skulle på jakt etter artar i hagen. Nokre av artane ein kan finna her er kjende for elevar/studentar, men mange er ukjende og dei veit relativt lite om dei. Me tenkte då at her var nye område å utforska som kunne skapa nysgjerrigkeit og engasjement, slik me hadde sett hos elevane. Samtidig var oppgåva stramma kraftig inn; dei skulle halda seg til artar under ein Stein, ikkje fugl, fisk og pattedyr.

Ei anna endring som blei gjort i ARTig-designet, var at me også ved overgangen frå fakta til fiksjon valda å stramma inn oppgåva ved å la arten dei fann under ein Stein vera utgangspunktet for den nye arten dei skulle skapa. Med denne endringa prøvde me å unngå dette at eleven slepp tak i det naturfaglege ved arten og skaper arten heilt og fullt ut frå fantastiske skapningar i populærkulturen. Det er eit poeng ved dette opplegget at naturfaglege kunnskapar skal setja preg på også dei fiktive artane og at det er naturfaglege kunnskapar og innsikter som skal gi truverd til fiksjonen. Denne prosessen vil også vise om elevane eller studentane har forstått samanhengen mellom art og miljø.

Den siste fasen: frå todimensjonale uttrykk til skulptur er ikkje tatt med i undervisningsdesignet for studentane, dette fordi prosjektet ville strekt seg over for lang tid og for at hovudfokuset vårt her var dei todimensjonale og multimodale uttrykka.

Evaluering

Etter å ha gjennomført ARTig-prosjektet både i grunnskulen og i grunnskulelærarutdanninga, har me kome fram til at det er tre didaktiske prinsipp¹ som ligg som fundament for opplegget vårt.

Tre didaktiske prinsipp

For det første handlar det om eit fleirfagleg samarbeid om dei grunnleggjande ferdighetene og ei utviding av forståinga av kva grunnleggjande ferdigheter er. Me inkluderer teikning og visualisering som viktige inntrykk og uttrykk i barn si læring og byggjer opplegget vårt på eit utvida tekstromgrep, dvs. multimodale tekstar.

Det andre prinsippet er kreativitet og barn si leikande tilnærming til fag og læring. Her har undervisningsdesignet vore viktig. Me har veklagt å laga eit undervisningsforløp som både har gitt nokre rammer, men og gitt rom for elevane og studentane sine eigne uttrykk. Denne vekslinga mellom struktur og openheit for elevane/ studentane, var noko av det me ville undersøkja i lys av improvisasjonsomgrepet. Me har modellert undervisningsopplegget ARTig for studentane våre. ARTig-prosjektet strekte seg over eit 2 månaders tidsrom hausten 2013, og studentane fekk møta berre små delar av opplegget. Poenget var at studentane skulle veksle mellom elevperspektivet og lærarperspektivet, dei skulle sjølv bruka dei praktisk-estetiske arbeidsmåtane, men og heile tida bli utfordra i å reflektera over form og innhald i opplegget. På denne måten ønskte med å gi studentane erfaring med korleis eit undervisningsdesign tek form, men også å få tilbakemeldingar på styrke og svakheiter ved vårt design.

Til sist er dialogen til stades i alle fasar av opplegget. Me har veklagt læringsdialogen i forhold til observasjonar og erfaringar som elevane/ studentane gjorde med artar i naturen og i forhold til elevane/ studentane sine teikne- og skriveprosessar. Då elevane/ studentane skulle utvikla sine fantasiartar, var det gjennom dialogen, både med lærar og med kvarandre, at den multimodale teksten tok form. Dialogen er slik me ser det også nært kopla til improvisasjonsomgrepet. Me prøvde å ta med oss læringsdialogen og ønskte at studentane sine erfaringar som «elevar» og deira refleksjon over dette, skulle gi både oss og dei viktige erfaringar.

Desse prinsippa vil vera bakteppe for drøftinga vår.

Evaluering av nytt design



Innsnevringa i tematikk meiner me var vellukka. Innsnevringa gjorde at det var lettare å vera ein fagleg rettleiar og følgja opp studentane sine spørsmål ute. I etterkant arbeidde dei også alle med likande artar og miljø slik at det blei ein meir fruktbar læringsdialog i forhold til teikninga og tekstsrapinga. Denne avgrensinga meiner me også vil vera god når opplegget eventuelt skal gjennomførst på ny i ei elevgruppe på mellomtrinnet.

Ved denne gjennomføringa la me vekt på at studentane skulle begynna teikninga/skrivinga av teksten utifrå sine erfaringar ute i hagen og det dei såg i stereolupe. Først etter å ha skrive eit førsteutkast, let me dei bruka faglitteratur for å finna ut meir om arten. Det er viktig å bruka elevane sin observasjonsevne i teikninga og skrivinga. Det oppnådde me i større grad

¹ Her gjentek med noko av beskrivinga av prinsippa som står skreve i FOU-søknaden vår.

no, enn ved gjennomføringa på Rommetveit. Tekstane bar preg av at dei brukte eigne ord, og teikninga tok form av at dei fanga forma etter arten dei hadde føre seg og ikkje etter eit førebilete i ei bok.

Ved å la Erna Osland sine fagbøker vera ein modell for skrivinga deira, oppnådde me at dei også tok i bruk verkemiddel som humor, barneperspektiv, retoriske spørsmål, metaforar og samanlikningar i tekstane sine. Me oppnådde at kommunikasjonsaspektet blei tydlegare i studentane sine tekstar. I skriveforskinga er det vist at bruk av modelltekstar og samtale om tekst er svært viktig for å utvikla elevane si skriving (Kringstad og Kvithyld, 2013²) Det blei ikkje tydeleg nok brukt modelltekstar og samtale om tekst i 6. klasse, og me prøvde å gjera dette tydlegare i denne gjennomføringa. Når ein les tekstane til studentane om artane under ein stein, kan me tydeleg sjå at dei har brukt språklege verkemiddel. (Sjå studentarbeidet under)



² Kringstad og Kvithyld, 2003, «Fem prinsipper for god skriveopplæring», Nettseite: http://www.skrivesenteret.no/uploads/files/BS-2-13_web_Kringstad_Kvithyld.pdf

I fase 3, frå fakta til fiksjon, ville me endå tydlegare få fram at repertoaret var viktig. Dei skulle nå utvikla eigenskapane til den verkelege arten og utnytta desse i skapinga av den fiktive arten slik at det blei ein tydeleg samanheng mellom art og miljø. Me såg at studentane i større grad enn elevane i 6. klasse utnytta sitt faglege repertoar. Me meiner at det var eit godt grep å snevra inn oppgåva til «artar under ein stein» også i overgangen til fiksjon. (Student i arbeid med sin «art du skulle ønskje ikkje fanst på Rommetveit.»)



Multimodalitet og elevtekstar

Norsklærar finn at den språklege kvaliteten ved fagtekstane i første del av opplegget er vel så god som tekstane om dei fiktive artane. Dette handlar om estetiske verkemiddel og eit estetisk språk som blir brukt til å beskriva ein art. Studentane lykkast med å formidla eit faginhald gjennom å bruka estetiske verkemiddel. Me finn eksempel på bruk av retoriske spørsmål, ein skrivar/forteljar som vender seg til leseren (med eit «du» i teksten) og bruk av metaforar og samanlikningar i tekstane frå fase 1. Me meiner at museumskatalogen til Doktor Proktor (Jo Nesbø) som var modelltekst for skrivinga i fase 3, var ein mindre vellukka modelltekst. Ein bør difor vidareføra den «essayistiske» skrivemåten til Erna Osland.

Når det gjeld teikningar var målet sakteikninga, eller teikninga etter observasjon. Studentane kunne også la seg inspirera av verkemidla som nokre av illustratørane hadde brukt i exempla (fagbøkene). Det verkelege eller «saklege» var sjølvsagt viktig, og det er kanskje ikkje i slike teikneprosessar ein kan tillate seg å vere kreativ, men ein kunne tillata seg å legge fokus på nokre detaljar og legge ein estetisk «finish» på teikninga.

Kva oppnår me så med å la elevane arbeida med både tekst og bilde? Me ser at nokre av studentane, som elevane i 6. klasse, har preferansar når det gjeld bilde og tekst. Dermed vil eit multimodalt uttrykk gi fleire studentar/elever eit spelrom å uttrykka seg innanfor; nokre legg mykje arbeid ned i teikninga, andre i teksten. Som rettleiarar i teikne- og skriveprosessen ser me også at dei to faga kan hjelpe kvarandre i å tydeleggjera faglege poeng som t.d. dette å vera presis i beskriving /representasjon av form og eigenskapar. I opplegget vårt delte me studentane i fase 3 i ei skrivegruppe og ei teiknegruppe. Dette kan ha ført til at me i for liten grad fekk utnytta felles faglege poeng. Samspelet mellom tekst og bilde, som avløysing eller forankring, blei det heller ikkje tid å retta merksemrd mot. Her handlar det jo også om at studentane berre får «smakebitar» av eit omfattande undervisningsopplegg, ARTig i 6. klasse strekte seg jo over 2 månader.

Dialogen

Noko me saknar i prosjektet vårt, er naturfaglæraren. Dette fordi me har stor tro på den læringsdialogen som kan oppstå i fasen der elevane/ studentane leitar etter og utforskar ulike artar. Mangel på kunnskapar gjer at utforskinga kan stoppe opp og spørsmåla studentane stiller blir ikkje svara på. Fagbøker og faktabøker gav studentane innsikt i mykje av det dei lurte på, men det er heilt klart at naturfaglæraren kan stilla og svara på dei gode forskingsspørsmåla.

Studentane er og ulike og dei kjem til utdanninga med ulikt repertoar – noko som kjem til syne i deltakinga i dialogar i klasserommet. Me opplevde denne gruppa til tider veldig lite deltakande i munnlege aktivitetar. Dialogen gjekk ofte mellom faglærarane og tre av dei mest aktive studentane. Me faglærarane diskuterte mykje fram og tilbake korleis me kunne gjere studentane meir aktive, for kjernen i undervisningsopplegget er nettopp dialogen og kunnskapen som blir bygd gjennom den. Løysinga her kunne vore at me la opp til fleire gruppesamtalar og at dei fekk arbeide meir i par.

Improvisasjon

Mot slutten av fagdagane introduserte me omgrepet improvisasjon for studentane våre. Me brukte omgrepet i forhold til planlegginga av eit undervisningsopplegg. I evalueringa stilte me studentane spørsmål om kva læringsituasjonar i dette opplegget dei meinte gav mest rom for improvisasjon. Mange av dei nemner då den siste fasen då elevane skal skapa sin fantastiske art. Andre undervisningssituasjonar som blir nemnde er økta ute i hagen, då dei var på leit etter artar under ein stein, samt sekvensar med spørsmålsstilling. Nokon nemner også dette at elevar blir ferdige til ulik tid og det å gi råd til elevar undervegs i teikne- og skriveprosessen utan at du veit kva dei kjem til å spørja om. Det er sjølv sagt ikkje slik at studentane sine svar her kan gi ein fagleg definisjon av omgrepet. Me tenkjer likevel at dei gir oss innspel på kva læringsituasjonar som har ei openheit ved seg. Me ser at studentane oppfattar dei kreative læreprosessane som improvisatoriske, idet at dei meiner det er den tredje fasen i opplegget som opna mest for improvisasjon.

For oss blir det meir og meir tydeleg at kvaliteten på eit undervisningsdesign er avhengig av at det er ein balanse mellom styring og openheit. Det er viktig at elevane får gjera val og spela på sine forkunnskapar og interesser. Det er også viktig at dei har rammer rundt seg som gjer at lærar kan lykkast med å gi dei fagleg kunnskap og rettleiing. Me har ved denne gjentakinga av eit design snevra inn rammene for arbeidet med artar både i første og tredje fase. Me har også gjort ei strengare prioritering av fagbøker (Erna Osland sitt forfattarskap). Dette gjer det lettare å føra klasseromssamtalar som gir alle elevane faglege innspel på deira observasjonar i hagen, det dei såg i stereolupa, teikning deira og teksten.

Studentane si evaluering

Me har brukt eit spørjeskjema og studentane har levert skriftlege svar på ein god del spørsmål rundt opplegget. (Sjå vedlegg) Me stilte spørsmål der me prøver å få svar på både korleis dei har opplevd lærarperspektivet og elevperspektivet i dette opplegget.

Det fleirfaglege perspektivet og dei grunnleggjande ferdighetene

Studentane har fått erfara korleis dei tre faga kan spela på lag, og gje elevane muligkeit til å arbeida grundigare med eit tema enn dei kan gjera innanfor berre eit fag. Mange av studentane påpeiker korleis dette å både teikna og skriva i ein prosess gir gode læringssituasjonar: «Kjekt med naturfag, ein ser ei anna side av norsken og ein får eit lite innblikk i korleis ein kan laga liknande opplegg seinare.» (student) Ein annan student svarar: «Elevane får større mestlingsfølelse.» Ein student skriv: «ein lærer på ein grundigare måte: skriving – teikning/det visuelle».

Studentane ser på teikning som ein viktig måte å uttrykka seg på og nokre studentar meiner at dette er eit så viktig uttrykk at det er ein grunnleggjande ferdighet på linje med lesing og skriving. Men det er også tydeleg at mange studentar heller mot å sjå på teikning som ein ferdighet som er viktig for nokre elevar, men ikkje for alle. Mange studentar skriv liknande utsegn: «Teikning kan vera ein lettare uttrykksmåte og mange elevar finn meir motivasjon gjennom denne måten enn å skrive.» eller «Tegning er en god læremåte for noen.». Me tolkar slike utsegn som eit uttrykk for eit spesielt læringssyn som fekk stor gjennomslagskraft tidleg på 2000-talet, nemleg teorien om læringsstilar (Dunn & Dunn³). Mange av studentane kjem med utsegn som tydar på at dei ser på teikning som ein læringsstil. Me vil poengtera at teikning er *ein læringsstrategi* som alle elevar har nytte av å få opplæring i og ikkje ein læringsstil elevar som har visuelle preferansar.

Praktisk-estetiske læreprosessar

Studentane har ein tendens til å tenkja på teikning som kreativt og eit uttrykk for fantasi, medan skrivinga er meir vanleg og ein naturleg del av skulekulturen («skolsk»). Det er også tydeleg at det er den siste delen der dei gjekk frå fakta til fiksjon som dei oppfattar som den mest kreative delen av opplegget. I fleire av svara til studentane kjem det tydeleg fram at dei blei engasjerte av dei praktisk-estetiske arbeidsmetodane og uttrykka.

Det er i fase tre med overgangen frå fakta til fiksjon studentane oppfattar at kreativiteten til elevane får sitt uttrykk. Når me spør dei om kva elevane kan erfara eller læra av å skapa sin eigen art kjem det følgjande svar: «Dei får vera i ein kreativ prosess.» og «Dei får bruka fantasien.» Men det kjem også svar som: «Dei må setja seg inn i ein art for å gjera den truverdig.» og «Dei må bruke fantasien og knytte det til faglitteratur.» Dette viser at ein del av dei også ser verdien av å ha naturfaglege kunnskapar med seg og få lov til å bruka desse på ein skapande måte. Me som observerte studentane i arbeidet med dei fiktive tekstane såg også tydeleg at dette å skapa sin eigen art gav dei eit eigarforhold. Engasjementet blei veldig tydeleg hos mange av dei, som hos elevane i 6.klasse, og dei dreiv seg fram mykje på eiga hand i denne fasen.

Studentane var samde om at dette var eit opplegg som kunne passe godt for 5. og 6.klassingar, mykje fordi dei er utforskande, lekne og fantasifulle og at temaet det ligg nær deira eigen barnekultur.

³ Viser til dei kjende læringsteoretikarane Rita Dunn og Kenneth Dunn sin teori om læringsstilar presentert på norsk i boka *Læringsstiler* (2004), omsett av Holmberg og Guldahl.

Eit eksemplarisk undervisningsopplegg

Me ønskte at deltakinga i dette eksemplariske opplegget skulle føra til didaktisk refleksjon. Når me spør studentane om dei har fått tips som dei kan ta med til sin framtidige lærargjerning, får me følgjande svar: «Me har sett eksempel på korleis ein kan gjennomføra ein teikne- og skriveprosess.», «Teikning bør med i prosjektarbeid.», «At ein kan finna inspirasjon i naturen.», «Korleis ein kan samtala med elevane om ei fagbok.», »Korleis ein kan bruka fagboka for barn», «Tverrfagleg opplegg som kan skje både ute og inne.», «Hugse at ting tar tid.». Studentane ser heilskapen i opplegget og meiner vel at det er eit ganske stort og omfattande opplegg. Samtidig viser mange av svara deira at dei ser element i dette opplegget som lett kan brukast for seg sjølv eller som delar/element i andre temaopplegg. Dette meiner me er ein viktig verdi ved ARTig-designet: at det har ein raud tråd, men at det er element her som kan vera allmenndidaktiske og lette å overføra til andre undervisningssituasjonar. For å konkretisera handlar dette til dømes om bruk av *rammenotatet* i skrivinga, *læringsdialogen* om observasjonar ute i naturen og kopla til fagboka, bruken av samarbeid og dialog i forhold til *teikne- og skriveprosessen*, samt variasjonen mellom det å gi elevane erfaringar ute i naturen, det å lesa om ting, å samtala, å skriva og å teikna. Det er også lett å sjå at det som gjer desse lærungssituasjonane allmenndidaktiske er at dei handlar om grunnleggjande ferdigheiter; å samtala, å lesa, å skriva, - og å teikna.

Oppsummering av tidsplan:

Hausten 2014: 10 % FOU-tid for både Charlotte og Torunn

Charlotte og Torunn:

- deltaking i 1. og 2. refleksjonsyklus av IMTE i form av refleksjonsnotat i Fronterforum
- deltaking på halvdagsseminar i Førde/ Sveio

Charlotte:

- deltaking i WASO-prosjektet på Sagvåg skule (praksisperioden uke 42, 43 og 44)

Torunn:

- Læringsdialogen om fagboka for barn og unge. Studentane på GLU2 5-10 hadde eit studiekrav om å gjennomføra ein læringsdialog i praksisperioden, samt analysera og presentera både skriftleg og munnleg kva som skjedde i samtalen. Dette opplegget var eit samarbeid mellom Sissel Høisæter og Torunn Hetland. Me samla inn eit materiale frå studentane si undervisning (lydopptak) og deira skriftlege refleksjonar/analysar av samtalen. Me arrangerte to seminardagar (á 3 timer) om læringsdialogen og gav skriftleg tilbakemelding på analysane.

Våren 2015: 10 % FOU-tid for både Charlotte og Torunn

Jan:

- Presentasjon av ARTig-prosjektet på konferansen for «Nettverk for formgiving, kunst og handverk i UH-sektoren», Stord/ HSH 26.- 27.januar 2015

Mars/ mai:

- ARTig-prosjektet frå hausten 2013 ble evaluert og fekk ein ny design slik at det kunne implementeras i lærarutdanninga for GLU 1 1-7. Her utvida me prosjektet med samarbeid om temaet biletboka for barn.
- Evaluering og rapport

Mai:

- Invitasjon fra kullteam i BLU-utdanningen; presentasjon av ARTig-prosjekt for faglærerne (samt naturfaglærerne) om muligheter for implementering av prosjektet/ undervisningsdesignet studieåret 2015/ 2016
- Samtaler med Yuko Kamisaka (Førsteamanuensis naturfag) om muligheter for samarbeid med naturfag våren 2016 (GLU1 1-7)

Tidlegare skriftlege rapportar:

-FoU-rapport, våren 2014: *Design av eit fleirfagleg undervisningsopplegg (sjå eige vedlegg i e-post)*

-Artikkel på nettsida til Nynorskcenteret: <http://www.nynorskcenteret.no/artig/>

Vedlegg

EVALUERING AV ARTIG

Kva meiner du kjenner til den gode læringsdialogen?

Kva vil du som lærar gjera for å få til ein god læringsdialog med elevane?

Kva meiner du er gode grunnar for å bruka fagboka for barn som læringsressurs i klasserommet?

Kva meiner du er verdien ved å la teikning vera ein viktig arbeidsmåte og presentasjonsform i elevane si tekstsakaping?

Kva meiner du kjenneteiknar ei god skriveopplæring?

Kva er positivt med eit skriveopplegg som omfattar ferdigheter og kunnskapar i desse tre faga naturfag, norsk og kunst og handverk?

Kva kan elevane erfara/læra av å arbeida med å skapa sin eigen fiktive ART?

List opp minst tre ting som du synest er bra med undervisningsopplegget ARTig?

List opp nokre ting som du tenkjer kan vera negativt med opplegget?

På kva måte meiner du dette opplegget er tilpassa aldersgruppa 5. 6. klasse?

Har du fått nokre konkrete tips som du tenkjer at du kan ta med deg til din framtidige lærargjerning?

Kva kunne du tenkt deg var gjort annleis på fagdagane våre?

Kva nytte trur du at du har av å delta i eksemplariske undervisningsopplegg i lærarutdanninga di?



Svært god



god



ikkje så god



ingen

Kva haldning har du til fleirfagleg samarbeid?



Veldig positiv



positiv



ikkje så positiv



negativ

Kva lærings- eller undervisningssituasjonar i dette opplegget meiner du gir mest rom for improvisasjon?

Kva ferdigheter meiner du læraren bør ha for å meistra situasjonane med improvisasjon på ein god måte?

Meiner du innslag av improvisasjon er positivt for eit undervisningsopplegg?

Veldig positivt litt positivt ikkje så positivt negativt

Kvifor?

Anna: